

Kjekk fotballdag på Husnes.

28.02.2016



G11 laget gjorde god innsats med både siger og tap mot Trio-lag.

I dag vert Trio Cup avvikla i Husneshallen. Til saman deltar 27 lag fordelt på 4 klassar; - G10, G11, G12 og J11-12. Laga kjem frå Strand-Ulv, Halsnøy, Ternen, Herøysund, Rosendal og Uskedalen i tillegg til arrangørlaget Trio. I følgje kampopsettet stilte Uskedal idrettslag med 1 jentelag og 2 guttelag.

Det vert tilsaman avvikla heile 42 kampar. Første kamp starta kl. 9 i dag då det starta med G11-laga, og så går det slag i slag med kampar heilt til halv åtte-tida i kveld då ein bles av siste kamp i G12-klassen.

I tillegg til det sportslege er det også ei trivleg sosial samling for både spelarar og foreldre frå heile Kvinnherad. Ei travel, men kjekk sportshelg kan ein trygt sei. Mange av deltakarane og foreldra var også i aktivitet under skirennet i Fjellhaugen laurdag.



Skitrenarar laurdag og fotballtrenarar søndag, Stig Berge-Soldal og Bjørn Olav Tveit

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Hildegunn Klette Hansen